

## Månadsbrev april 2025

Det vart godt oppmøte på foreldremøtet trass kollisjon med ein fotballkamp. 9. klasse lærte mykje på hospiteringa og arbeidslivstreninga, mellomtrinnet arbeider ivrig med fantasy og 2.-4. klasse jobba godt med optiske leiketøy. Alle klassane har vore med på Bookbites sin lesekonkurranse, der dei får ein puslespelbit etter kor lenge dei les, og som dei skal laga eit morosamt påskeegg av. Dess fleire minutt, dess fleire bitar og større egg. Biletet må sendast inn i dag, 2. april, og klassen som vinn, får eit stort påskeegg i premie. Elles kjem det truleg ein interessant artikkel i Stavanger Aftenblad om snøras og rasøvinga elevane i fysisk valfag var med på 27. mars. Elevane lærte i alle fall mykje! Det kunne vore fleire svar på den lokale trivselsundersøkinga, men de kan lesa meir i SU-referatet under fana SU på heimesida snart. I haust (og nå) svara heile 8. klasse på undersøkinga, og i vår var 1. klasse rett etter med 80% svar, så dei fortener ei lita belønning.



April startar med eit brak med **alpindag** i Tjørhomfjellet onsdag 2. april, og det vil seia at det er **skuleonsdag** for 1.-4. klasse, medan den siste onsdagen i juni går ut, jf. melding i Visma flyt skule. 2.-4. april reiser tre elevar i 9. klasse, saman med ungdomsarbeidar Trine-Grete Josdal Fjeldsaa til Oslo på **livsmeistringskonferanse**. Det blir spanande å høyra meir om. 1. klasse har lært alle bokstavane, og skal ha **bokstavfest** 4. april for spesielt inviterte. Tysdag 8. april blir det **påskevandring** i Kvævemoen kapell, ein ny variant av påskegudstenesta, og det blir **morgonsamling** ved ungdomstrinnet fredag 11. og så er det påskeferie t.o.m. 21. april. God påske!

Første dag etter påske, dreg 9. klasse til **barnehagen** på slutten av dagen for å bli kjende med dei fire nye førsteklasingane til neste haust. Onsdag 23. april er det **skuleonsdag og verdas bokdag**, medan ungdomsskulen skal ha **energidag** med Å Energi og Vitensenter på hjul fredag 25. april. Me avsluttar månaden med **skuleonsdag** 30. april, før det er arbeidarane sin dag og fri 1. og 2. mai. God langhelg!

I løpet av april bør elevrådet, FAU og personalet på skulen senda **høyrings svar** om **gratisprinsippet og skuleturar**. Målet er å få desse gruppene sitt syn på saka før ho skal opp i kommunestyret for å få på plass eit prinsippvedtak som sikrar at skulen sin praksis er innanfor lova om gratis grunnskuleopplæring.



Sinnes 01.03.25

Åse-Berit (rektor)